



HAREID
KOMMUNE

Grave– og arbeidsinstruks for Hareid Kommune

Versjon	Dato	Skildring	Utarbeidd	Kontrollert	Godkjent
0	08.05.2025	Grunnleggande instruksar	EME	BM	TLO
1	22.09.2025	Tillegg: 2.2 Vilkår for bruk av portal	EME	BM	TLO
2	06.11.2025	Tillegg: 9 Gebyr	EME	BM	TLO

Innhald

Definisjonar	4
1. Generelle reglar	5
1.1. Innleiing.....	5
1.2. Verkeområde	5
1.3. Lovvilkår og rettsgrunnlag.....	6
1.4. Normer for utføring.....	6
1.5. Kommunal veggrunn	6
1.6. Graving ved vatn- og avløpsanlegg	7
1.7. Private leidningar og kablar i kommunal veggrunn	7
1.8. Luftstrekk	7
1.9. Graving i nysfaltet veg.....	7
1.10. Kulturminne	7
1.11. Biologisk mangfald	8
1.12. Ureina grunn	8
1.13. Søknadsplikt etter Plan og bygningsloven.....	8
1.14. Løyve frå andre aktuelle partar	8
1.14.1. Fylkeskommunal veggrunn.....	8
1.12.2. Privat veggrunn	8
1.12.3. Andre aktørar	8
2. Søknad og saksbehandling	9
2.1. Søknad via Entreprenørportalen.....	9
2.2. Vilkår for bruk av Entreprenørportalen.....	9
2.3. Krav til dokumentasjon i søknaden	9
2.4. Tidspunkt for oppstart og avslutning	10
2.5. Behandling av søknaden	10
2.6. Graving grunna uføresette hendingar	10
3. Planlegging og gjennomføring av gravinga.....	10
3.1. Førebuing	10
3.2. Påvising av eksisterande anlegg	11
3.3. Samordning	11
3.4. Vatn og avløpsleidningar	11
3.5. Ekstra trekkerør	11
3.6. Plan for varsling og trafikkavvikling.....	11
3.7. Varslingsplikt ved endring av planar	11
3.8. Framdrift	12

4.	Ansvarsforhold, krav og sanksjonar	12
4.1.	Kvalifikasjonar	12
4.2.	Arbeidsvarslingsplan og loggbok.....	12
4.3.	Ansvar.....	13
4.4.	Brot på vilkår og pålagte tiltak	13
4.5.	Misleghald og sanksjonar.....	13
4.6.	Seinskadar	14
5.	Forhold på arbeidsstaden.....	14
5.1.	Omsyn til omgjevnadane	14
5.2.	Tidspunkt for arbeidet	14
5.3.	Varsling og skilt.....	14
5.4.	Reinhald og vedlikehald	14
5.5.	Køyreplater.....	15
6.	Tekniske vilkår.....	15
6.1.	Førebuing og graving.....	15
6.1.1.	Beskyttelse av omkringliggende asfalt	15
6.1.2.	Skjering av asfalt.....	15
6.1.3.	Utforming av veggrøft	15
6.1.4.	Undergraving og sikring mot ras	15
6.1.5.	Handtering av utgravde massar	16
6.1.6.	Snø og is	16
6.1.7.	Overvatn	16
6.2.	Attfylling og istandsetjing	16
6.2.1.	Attfylling og bruk av massar	16
6.2.2.	Stempling / spunt	16
6.2.3.	Utkiling ved tversgående graving	17
6.2.4.	Krav til vegoppbygnad og asfaltering	17
6.2.5.	Skjering og fresing før asfaltering.....	17
6.2.6.	Fortanning og skøyting av asfalt	17
6.2.7.	Asfaltering mot husvegg.....	18
6.2.8.	Grusdekke.....	18
6.2.9.	Midlertidig istandsetting	18
6.3.	Areal med heller, brustein og kantstein	18
6.4.	Kummar og sluk.....	19
6.5.	Vegmerking og trafikktekniske innretningar	19
7.	Arbeid i park- og grøntområde	19

7.1.	Omsyn til grøntanlegg og tre.....	19
7.2.	Istandsetting.....	20
7.3.	Erstatning	20
8.	Ferdigmelding og garanti	20
8.1.	Ferdigmelding	20
8.2.	Overtaking av ansvar og garantitid.....	21

Definisjonar

Veghaldar:	Grunneigar til veg. For kommunale vegar er det Hareid kommune som er grunneigar og myndigheitsutøvar
Anleggseigar:	Eigaren av leidnings- eller kabelanlegg, inkludert ulike typar røyranlegg
Tiltakshavar/byggherre:	Oppdragsgjevar for tiltaket/ utbyggjar
Søkar:	Den som søker om arbeids- og/eller graveløyve i tråd med denne instruksen
Entreprenør:	Den som gjennomfører arbeid på oppdrag frå tiltakshavar og som er ansvarleg for gjennomføring av arbeidet
Graveløyve:	Løyve til å grave i kommunale vegar og grøntområde. Dersom arbeidet påverkar trafikken, krevst det også arbeidsløyve.
Arbeidsløyve:	Løyve til å gjennomføre arbeid på offentlig vegareal. Dette krev godkjent varslingsplan og nødvendige skiltvedtak. Arbeidsløyve er naudsynt sjølv om tiltaket ikkje omfattar graving.

Andre definisjonar vert forklarte der dei høyrer heime i instruksen.

1. Generelle reglar

1.1. Innleiing

Hareid Kommune kan tillate graving, framføring av leidningsanlegg og tilsvarande arbeid i kommunale areal, men set klare vilkår for utføring av arbeidet. Arbeidet skal ikkje føre til skade, redusert kvalitet eller auka vedlikehaldskostnadar på kommunal eigd grunn. Arbeidet må heller ikkje medføre fare eller unødige ulemper for trafikantar.

Denne instruksjonen gir opplysningar om ansvar og plikter som gjeld for entreprenør, tiltakshavar, anleggseigar og den som skal utføre gravearbeidet. Dei nemnde aktørane har eit felles ansvar for at arbeidet blir utført på ein tilfredsstillande måte og etter dei rettar Hareid kommune har i forhold til gjeldande lover og forskrifter.

Instruksjonen omfattar graving og anna arbeid i kommunale vegar, tilhøyrande sideareal og grøntområde. Den fastset også vilkår for å ha leidningar og kabelanlegg liggande i kommunal veggrunn. Føresegnene er utarbeidde av Hareid kommune som eigar av kommunal veg og grunn.

All graving eller arbeid som omfattar kommunal eigd veg og grunn krev godkjenning i form av graveløyve/arbeidsløyve. Den ansvarlege for gravearbeidet er pliktig til å skaffe seg nødvendige opplysningar om kablar, leidningar og andre installasjonar i graveområdet før arbeidet vert sett i gang. Graving og anna arbeid i kommunal veg må *ikkje* startast før graveløyve er gitt og arbeidsvarslingsplan er godkjent. For arbeid på private vegar eller fylkesvegar skal søknad sendast til respektiv veghaldar.

Graveløyve vert alltid gitt under føresetnad av at entreprenør har gjort naudsynte undersøkingar og innhenta opplysningar som gir tilstrekkeleg grunnlag for ei sikker gjennomføring av gravearbeida. Ein kvar som får grave- og arbeidsløyve etter reglar i denne instruksjonen, er pliktig til å sette seg inn i både instruksjonen, relevante lover og forskrifter, handbøker og andre nødvendige føresetnader for arbeidet - og utføre arbeidet i samsvar med dette.

Ved leige av gategrunn for plass til container, stillas, gjerde og liknande må det søkast om arbeidsløyve.

Reglane i plan- og bygningslova om søknadspliktige tiltak og ansvarsrett gjeld uavhengig av denne instruksjonen.

1.2 Verkeområde

Reglane gjeld for:

- *graving i og inntil kommunal veggrunn
- *graving nær vass – og avløpsleidningar
- *graving i kommunale grøntareal, inkludert grøntareal i og langs med kommunale vegar
- *graving i kommunale nærmiljøområde, friområde, turområde, sportsanlegg og liknande
- *anna arbeid som medfører bruk og plassering av utstyr og innretningar på kommunal grunn

1.3. Lovvilkår og rettsgrunnlag

Instruksen har rettsleg grunnlag i følgjande regelverk:

- Veglova
- Vegtrafikkloven
- Plan- og bygningsloven
- Arbeidsmiljøloven
- Skiltforskriften
- Forskrift om ledninger i offentlig veg
- Forskrift om politivedtekt, Hareid
- Kulturminneloven
- Forurensningsforskriften
- Forvaltningsloven

1.4 Normer for utføring

Entreprenør og byggherre pliktar å rette seg etter følgande normer og handbøker:

Vannstandard.no

N100 Veg og gateutforming

N101 Trafikksikkert sideterreng og vegsikringsutstyr

N200 Vegbygging

N301 Arbeid på og ved veg

Merk: Listene i 1.3 og 1.4 er ikkje nødvendigvis uttømande. Lover, reglar og normer som ikkje er nemnt i desse punkta, men som likevel kjem til bruk, skal følgjast. Søkar må sjølv setje seg inn i relevant regelverk og fagstoff og halde seg oppdatert på eventuelle endringar i dette. I tilfelle der det skapar utfordringar å halde seg til regelverket, skal kommunen kontaktast for rådføring.

1.5. Kommunal veggrunn

Kommunal veggrunn er all veggrunn i medhald av *veglova § 1*: Offentleg veg som er open for almen ferdsel - og som er eigd og vedlikehalden av kommunen. Inkludert i denne samanheng er også privat grunn som kommunen disponerer til veg- og trafikkformål. Til veg vert også rekna fortau, snuplass, opplagsplassar, haldeplassar, parkeringsplassar, bruer, grøntanlegg og anna som står i samband med vegen.

1.6. Graving ved vatn- og avløpsanlegg

Det må søkjast om løyve for all graving som går føre seg nærare enn 3 meter frå vatn- og avløpsleidningar, dette i medhald av Hareid Kommune si VA-norm. Det vert vist til *vannstandard.no* med omsyn til teknisk utføring.

1.7. Private leidningar og kablar i kommunal veggrunn

Veglova §32 gir veghaldar rett til å sette vilkår for arbeid i og inntil offentleg veg. Leidningar og kablar kan ikkje leggst over, under, langs med eller nærare vegen enn 3 meter frå vegkant utan at det er gitt særskilt løyve.

Byggherre/anleggseigar skal sørge for at senterlinja for traseen blir innmålt med koordinatbestemte punkt, slik at traséen kan teiknast inn på kart eller rekonstruerast i marka. Byggherre/anleggseigar er pliktig til å foreta påvising av eigne anlegg. Det skal ikkje betalast vederlag for denne tenesta.

Veghaldar står ikkje til ansvar for eventuell ulempe eller skade på private leidnings- eller kabelanlegg grunna vedlikehald utført av veghaldar, trafikkbelastning eller hendingar på vegen. Anlegget må vere dimensjonert for å tole ordinær drift og vedlikehald av vegen.

Løyve til legging av leidning- og kabelanlegg i kommunal grunn er av midlertidig art. Anleggseigar må sjølv koste flytting eller omlegging dersom dette skulle verte nødvendig av omsyn til veg, kommunale areal og infrastruktur eller ved arbeid på kommunale vatn- og avløpsleidningar.

Kabel- og leidningsanlegg, inkludert luftstrekk, som er etablert utan løyve kan verte kravd fjerna.

1.8. Luftstrekk

Leidningar langs kommunal veg skal leggst i bakken. Det skal vere særskild grunngjeving for dispensasjon til luftstrekk. Merk at det er søknadsplikt for alle typar leidningar som skal plasserast innanfor 3 meter frå vegkanten, både over og under bakken.

1.9. Graving i nyasfaltet veg

Det vil normalt *ikkje* bli gitt graveløyve i vegar som er ny- eller reasfaltet dei tre siste åra. Dersom det i særskilde tilfelle vert gitt dispensasjon, skal det på førehand avtalast krav til arbeidet med veghaldar.

1.10. Kulturminne

Ved gravearbeid ved kulturminne og kulturmiljø må entreprenør innhente godkjenning frå fylkeskommunen eller riksantikvaren. Meir informasjon kan du finne i Kulturminneloven og på <https://www.kulturminnesok.no/>

1.11. Biologisk mangfald

Ein må vere spesielt merksam ved graving i område med betydning for biologisk mangfald.

For informasjon, sjå <https://www.miljodirektoratet.no/tjenester/naturbase/enkelt-sok/>

1.12. Ureina grunn

Tiltakshavar/entreprenør er pliktig til å vurdere om det kan vere ureina grunn i graveområdet. Ved mistanke om ureining i grunnen, må det takast prøver av massane før dei kan køyrast vekk.

1.13. Søknadsplikt etter Plan og bygningsloven

For tiltak som fell inn under Plan- og bygningsloven, må det innhentast løyve frå Plan- og byggesaksavdelinga i kommunen. Dette gjeld uavhengig av reglane i denne instruksen. *Merk at sjølv om søkar har fått byggeløyve eller anna godkjenning, må det alltid søkast om graveløyve i tillegg.*

1.14. Løyve frå andre aktuelle partar

1.14.1. Fylkeskommunal veggrunn

For arbeid i fylkesveg, ta kontakt med Møre og Romsdal fylkeskommune.

1.14.2. Privat veggrunn

Graving i privat veg føreset skriftleg løyve frå den som har rettsleg og økonomisk interesse i vegen. Det vert stilt same krav til trafikkavvikling, sikkerheit og varsling som for arbeid i kommunale vegar.

1.14.3. Andre aktørar

Aktørar som har eigne anlegg i og ved kommunal veg kan vere aktørar innan:

*Fjernvarme

*Energi

*Tele/fiber

*TV- kabelanlegg

*Kommunale og private VA- leidningar

*Bustadeigarar (private vegar, vatn- og avløpsanlegg, straum, telefon, TV- kabel)

Merk: Søkjar må til ei kvar tid følge gjeldande reglar og instruksar frå aktuelle interessepartar til arbeidet. Dersom det er strid mellom denne instruksen og instruksar frå andre aktørar, må eventuelle interessekonfliktar avklarast med respektive partar før gravearbeidet startar.

2. Søknad og saksbehandling

2.1. Søknad via Entreprenørportalen

Før graving kan settast i gong, må entreprenør søke respektiv veghaldar om graveløyve. Søknad om graving eller anna arbeid i kommunale areal skal gjerast via Gemini Entreprenørportal.

I Entreprenørportalen kan søkjar legge inn relevant informasjon om arbeidet og opprette situasjonskart over arbeidsområdet. Kommunen handsamar og gir tilbakemelding på gravemeldingane via denne portalen. Søkjar kan følgje med på saksgangen og sende inn ferdigmelding når arbeidet er ferdig utført.

Entreprenør som ikkje allereie er registrert i portalen, må registrere seg på denne sida:

<https://tenantmanager.onpowel.com/Registration>

Merk: Det er berre registrerte føretak som kan søke via Entreprenørportalen. Privatpersonar som skal utføre arbeid på eigen grunn, må melde dette inn via skjema på heimesida til Hareid Kommune:

<https://www.hareid.kommune.no/tenester/byggesak-eigedom-og-plan/byggesak/byggesoke-eller-ikkje/soke-om-bygge/gravemelding/>

2.2. Vilkår for bruk av Entreprenørportalen

Som godkjent brukar av Entreprenørportalen får ein utvida tilgang til informasjon om infrastruktur i Hareid Kommune. Denne informasjonen skal *ikkje* delast med utanforståande. Misbruk av slik informasjon vil verte straffa med sanksjonar som erstatningskrav og utestenging frå vidare bruk av portalen. Dette gjeld også om det vert utført graving utan løyve.

2.3. Krav til dokumentasjon i søknaden

Søknaden skal innehalde:

*Situasjonskart der arbeidsområdet er teikna inn

*Arbeidsvarslingsplan

*Skiltplan

*Risikoanalyse

*Dersom det er kravd førehandsgodkjent plan for anlegget, skal denne også leggjast ved.

Merk: Dersom søknaden er mangelfullt utfylt, vert den returnert til søker utan godkjenning. Manglar må då rettast opp og det må søkast på nytt. Dersom det vert oppdaga feil eller manglar i søknaden etter innvilga løyve, skal forholdet rettast omgåande.

Før gravinga startar må tilstanden på gravestaden dokumenterast overfor veghaldar og tredjepart. Krav til dokumentasjon vil ligge til entreprenør.

2.4. Tidspunkt for oppstart og avslutning

I søknaden det informerast om ønska tidsrom for gjennomføring av gravinga. Veghaldar godkjenner når gravearbeidet kan startast og når arbeidet skal vere avslutta. Veghaldar kan gi pålegg om at arbeidet må utførast samtidig eller koordinerast med anna arbeid.

2.5. Behandling av søknaden

Behandlingstida er satt til 10 arbeidsdagar for mindre arbeid og 15 dagar ved meir komplekse arbeid. Dersom det av ulike grunnar ikkje er mogeleg å overhalde fristen, vil søker verte informert.

2.6. Graving grunna utføresette hendingar

Dersom graving på grunn av *kritisk* lekkasje, kabelfeil eller leidningsbrot må gjerast omgåande, skal entreprenør straks melde frå til kommunen. Teknisk vakt skal varslast dersom det er utanom normal arbeidstid. Alle naudetatar må kontaktast dersom situasjonen medfører stenging av veg.

Merk: Generelle krav til arbeidsvarsling og tekniske vilkår i desse reglane gjeld også i slike situasjonar.

Søknad om graveløyve skal leverast inn i Gravemeldingsportalen så snart som mogeleg etter oppstart av arbeidet - og seinast påfølgande dag.

3. Planlegging og gjennomføring av gravinga

3.1. Førebuing

Før det vert søkt om graveløyve skal entreprenør:

- * sette seg inn i relevant regelverk og innhente naudsynte opplysningar for arbeidet
- * undersøke kva anlegg som finst i graveområdet
- * ha klar signert kabelavtale ved legging av kabelanlegg i veggrunn
- * utarbeide plan for graving under trekroner
- * sørge for at søknadspliktige installasjonar/anlegg er godkjent av avdeling for plan – og byggesak.

Merk: Hareid kommune kan også ha leidningar/ kablar liggande i fylkesveg og privat grunn. Entreprenør må kontakte kommunen for informasjon om plassering.

3.2. Påvising av eksisterande anlegg

Ansvarleg for gravinga pliktar å få påvist innmålte kablar, vass- og avløpsleidningar eller andre innretningar som kan bli påverka av gravinga. Respektive anleggseigarar skal informerast dersom drift og vedlikehald av eksisterande anlegg kan bli påverka av arbeidet.

3.3. Samordning

Leidningseigar skal ta omsyn til at andre skal kunne legge anlegg i veggrunnen. Både for nye anlegg og rehabilitering av eksisterande anlegg skal det søkast samordna med øvrige anleggseigarar. For effektiv samordning skal leidningseigar informere veghaldar og andre interessentar om planane så tidleg som mogeleg.

Kabeleigarar som høyrer til energiselskap, teleselskap og andre kabelselskap skal samordne sine anlegg og nytte same kabeltrase så langt det let seg gjere. Dette gjeld også vatn - og avløpsanlegg.

Kabelavtale med nøyaktig plassering av anlegget skal godkjennast av veghaldar før det kan søkast om graveløyve.

3.4. Vatn og avløpsleidningar

Kablar/leidningar skal ikkje leggjast for nært grøftesoner for VA-anlegg. Planane må leggjast fram for kommunen for å sikre at kablar ikkje kjem i konflikt med vass- og avløpsleidningar.

3.5. Ekstra trekkerør

Ved langsgåande graving og kryssing av veg kan veghaldar krevje at det vert lagt ekstra trekkerør som vert stilt disponibelt for kabelframføring på eit seinare tidspunkt.

Dimensjon, farge og merking av rør skal avtalast med veghaldar. Senterlinja skal innmålast med koordinatfesta punkt og leverast digitalt til kommunen.

3.6. Plan for varsling og trafikkavvikling

Før gravinga startar skal godkjent varslingsplan og eventuelt skiltvedtak føreligge. Dersom arbeidet krev trafikkomlegging, skal det utarbeidast forslag til plan for trafikkavvikling. Veghaldar vil varsle naudetatar og andre aktuelle aktørar når trafikkavviklingsplanen er godkjent.

3.7. Varslingsplikt ved endring av planar

Entreprenøren er pliktig til å utføre gravinga i medhald av løyvet og godkjent plan. Arbeidsplan eller plassering av anlegg kan ikkje endrast utan godkjenning frå veghaldar.

Veghaldar skal varslast dersom det oppstår uventa situasjonar av betydning for veghaldar. Slikt varsel frittek ikkje entreprenøren for ansvaret. Entreprenøren kan i samarbeid med veghaldar kome frem til løysningar for å få arbeidet utført.

Dersom planane får utilsikta konsekvensar, kan kommunen endre godkjente arbeidsplanar. Dette skal ikkje medføre erstatningsansvar for kommunen.

Dersom entreprenøren treng bistand med varsling, skal veghaldar informerast før arbeidet startar.

Dersom eit gravearbeid vedkjem andre anlegg (va-leidningar, el-kablar med vidare), skal dei respektive aktørar sjølv kontrollere sine anlegg. Ansvarleg entreprenør varslar desse.

Veghaldar skal så tidleg som mogleg varslast dersom arbeida ikkje kjem i gang til fastsett tid. Angitt sluttdato på eit grave- og arbeidsløyve inneber at alle arbeid på staden skal vere avslutta. Veghaldar må varslast i god tid for å kunne gi utvida løyve.

3.8. Framdrift

Alt gravearbeid skal planleggast slik at tida som medfører ulempe for trafikantane vert kortast mogeleg. Dersom arbeidet ikkje er ferdig til fastsett sluttdato, kan veghaldar forlange oppgravne grøfter gjenfylt. Dersom arbeidet består av lange eller mange einskildgravingar, vert det kravd fortløpande istandsetting - uavhengig av om heile arbeidet er avslutta eller ikkje.

4. Ansvarsforhold, krav og sanksjonar

4.1. Kvalifikasjonar

Ved graving i offentleg veg skal entreprenør ha lokal eller sentral godkjenning som utførar av grunn- og terrengarbeid. Alle som utfører arbeid på veg eller er ansvarleg for varsling på arbeidsstaden, må ha gjennomført relevante arbeidsvarslingskurs. Den ansvarlege skal sørge for at varsling er i medhald av godkjent skiltplan- og vedtak. Ansaret gjeld fram til arbeidet er avslutta og godkjent.

Merk: Underentreprenørar må ha same kvalifikasjonar som ansvarleg entreprenør.

4.2. Arbeidsvarslingsplan og loggbok

Arbeidet skal utførast i tråd med godkjent varslingsplan. Utførar er pliktig til å melde frå så snart som råd dersom det oppstår uventa situasjonar eller vert oppdaga manglar i varslingsplanen. Dersom varslingsplanen ikkje blir følgt, vil arbeidet bli stansa til krava blir oppfylt. Entreprenør er ansvarleg for at skilt blir sett opp i følge godkjent varslingsplan, og teke ned att etter anleggsperioden er slutt. Skilta skal følgje varslingsplanen under heile anleggsperioden og ikkje føre til skader/ulemper for tredjepart.

Loggbok skal førast kontinuerleg og sendast til veghaldar etter avslutta arbeid. Alle skilt som blir sett opp og teke ned skal registrerast med stad, tidspunkt og utførar.

Graveløyve, godkjent varslingsplan/ skiltplan og loggbok skal oppbevarast på gravestaden og visast fram på førespurnad til veghaldar sin representant eller politiet.

Grove eller gjentekne brot på vilkår om arbeidsvarsling kan føre til politimelding av ansvarleg person eller entreprenør.

4.3. Ansvar

Entreprenøren har ansvaret for tiltaket frå det tidspunktet arbeidet blir sett i gang og til det er ferdig utført og godkjent av veghaldar. Arbeidet er ikkje rekna som ferdig før ferdigmelding er motteken og godkjent av kommunen.

Entreprenørar som er gitt graveløyve er ansvarleg for heile arbeidet og for at reglane i denne instruksen vert følgt. Instruksen gjeld også underentreprenørar som er engasjert for å utføre delarbeid. Bruk av andre entreprenørar frittek ikkje søkjar for ansvar. Veghaldar kan ikkje haldast ansvarleg for skade som tredjepart påfører anlegget.

Personskade som skuldast sjølve arbeidet, manglande sikring eller liknande er entreprenøren sitt ansvar. Har gravinga skjedd forsetteleg eller uaktsamt, kan politiet etter påtale leggje bøter.

Dersom eit anlegg er plassert utan løyve, har byggherre/anleggseigar alt ansvar for skader og kostnader som følge av plasseringa. Byggherre/ anleggseigar og entreprenør har solidarisk ansvar for skade på veg og veginnretning som følge av nedleggingsarbeida og seinare tilleggsarbeid.

Byggherre/anleggseigar og utførande entreprenør er solidarisk ansvarleg for ulempe, tap og skader på eigedom tilhøyrande tredjepart som skuldast forhold knytt til gravearbeidet.

Entreprenør må for øvrig ha generelle forsikringar for person – og yrkesskade, samt skader ved grave- og sprengingsarbeid.

4.4. Brot på vilkår og pålagte tiltak

Ved feil, manglar eller brot på vilkår skal kommunen i utgangspunktet gi skriftleg varsel til ansvarleg entreprenør eller byggherre. Varaset skal opplyse om høve til å gi forklaring på det aktuelle forholdet innan ein bestemt frist, samt opplysningar om konsekvensar dersom pålegget ikkje blir følgt.

Tiltak skal likevel utførast omgåande dersom veghaldar eller politi pålegg dette. Tiltaka kan gjelde trafikkavvikling, trafiksikkerheit og ivaretaking av vegkvalitet. Dersom entreprenøren ikkje følgjer pålegget, kan veghaldar stanse arbeidet.

Ved utsett frist skal arbeidet utførast snarast eller etter avtale. Dersom ikkje tiltaka er utført innan gjeldande fristar, kan veghaldar utan nærare varsel få arbeida utført av andre for entreprenør/byggherre si rekning.

4.5. Misleghald og sanksjonar

Veghaldar kan forby entreprenør å utføre gravearbeid i offentlig veg dersom gjeldande vilkår og regelverk ikkje vert følgt, mellom anna dersom gravearbeid vert utført utan løyve eller utgifter til veghaldar ikkje vert dekt. Forbodet kan gjelde til feil og manglar er retta eller for ein bestemt periode.

Kommunen skal så langt det er råd gi skriftleg varsel om at sanksjonar vert vurdert. Det skal visast til relevante vilkår i grave- og arbeidsinstruksen, aktuelle sanksjonar og frist for retting av avvik. Den som får graveforbod etter desse reglane kan klage på avgjerda etter reglane i forvaltningslova.

Entreprenør vert stilt ansvarleg ved eventuelt mislighald. Dersom dette ikkje fører fram, kan kommunen stille byggherre/tiltakshavar ansvarleg. Kommunen kan også stille byggherre/tiltakshavar ansvarleg framfor entreprenøren.

4.6. Seinskadar

Dersom det i etterkant av avslutta arbeid oppstår skader eller problem som skuldast mangelfullt arbeid frå entreprenøren si side, vil veghaldar krevje at forholdet blir utbetra innan ein bestemt frist. Dersom forholdet ikkje blir utbetra innan fristen, kan veghaldar utan nærare varsel få arbeida utført av andre for entreprenør/byggherre si rekning. Kostnaden for dette vil i si heilheit bli belasta den som i følge gravemeldinga står som ansvarleg for gravearbeida. Det same gjeld kommunen sine utgifter til ekstra kontrollar. Dagbøter kan tilkome.

5. Forhold på arbeidsstaden

5.1. Omsyn til omgjevnadane

Arbeidet skal gi minst mogeleg ulempe for naboar til anleggsområdet. Ved omfattande arbeid skal entreprenøren informere involverte partar seinast ei veke på førehand. Om nødvendig, kan veghaldar forlange utviding eller omlegging av vegen. Det skal takast spesielt omsyn til mjuke trafikantar og personar med redusert funksjonsevne, slik at desse kan passere anleggsstaden utan risiko. Dette gjeld også ved graving i park – og grøntområde. Utrykkingskøyretøy skal kunne passere anleggsstaden.

Når det gjeld trafiksikring og arbeidsvarsling, sjå aktuell handbok frå Statens vegvesen.

5.2. Tidspunkt for arbeidet

Veghaldar kan fastsette når på døgnet det tillate å arbeide på staden. Veghaldar kan krevje at gravearbeid vert utført utanom normal arbeidstid når omsyn til ferdsel og trafikkavvikling på vegen gjer det nødvendig. Entreprenøren må planlegge arbeidet slik at krava i aktuelle støyforskrifter vert overhalde best mogeleg.

5.3. Varsling og skilt

Entreprenøren skal iverksette varslingsplanen, og har vedlikehaldsansvar for skilt og sperringar til jobben er ferdig. Entreprenøren sitt namn skal visast på anleggsstaden, til dømes på sperremateriell.

Entreprenør har ikkje høve til å fjerne, flytte eller dekke til eksisterande faste skilt. Dette skal gjerast av veghaldar med mindre anna er avtalt.

5.4. Reinhald og vedlikehald

Reinhald, snøbrøyting, strøing og liknande av køyrebane og fortau i arbeidsområdet skal utførast av entreprenøren. Dette gjeld også tømning av sluk og stikkrenner. Sjøppel, støv og tilgrising som skuldast gravearbeidet er utan unntak entreprenøren sitt ansvar.

Dersom reinhaldet ikkje er tilfredsstillande, og entreprenøren ikkje rettar seg etter pålegg frå veghaldar, kan veghaldar utføre reinhaldet for entreprenøren si rekning. Frist for utbetring etter pålegg vert sett til 24 timar, eller etter avtale med veghaldar.

5.5. Køyreplater

Det skal nyttast køyreplater der dette er naudsynt med tanke på framdrift og trafikksikkerheit. Platene skal leggjast ut dersom dette blir forlanga av veghaldar eller politiet. Køyreplatene skal vere dimensjonert for å tole trafikk på den aktuelle vegen.

6. Tekniske vilkår

6.1. Førebuing og graving

6.1.1. Beskyttelse av omkringliggende asfalt

Utstyr som kan skade asfalten må ikkje kome i direkte kontakt med asfaltdekke utanfor graveområdet. Bruk av maskinelt utstyr som kan gi skade, krev spesielle vernetiltak, til dømes lemmar eller gummilabbar. Dersom asfalten utanfor graveområdet er påført skade, vert det kravd fullverdig reparasjon etter spesifikasjonar frå veghaldar.

6.1.2. Skjering av asfalt

Før gravearbeidet startar skal asfalten skjerst minimum 50 cm utanfor topp grøftekant og parallelt med denne, slik at asfaltdekke utanfor graveområdet ikkje ver undergreve og skada.

Kabelgrøfter som kryssar vegen skal leggjast vinkelrett i forhold til vegen si lengderetning.

6.1.3. Utforming av veggrøft

Kablar og leidningar ligge minimum 60 cm under botn veggrøft og minimum 120 cm under topp asfalt. Det skal vere minimum 60 cm overdekning for kablar og leidningar både i og utanfor køyrefelt. Forhold på staden kan gjere det naudsynt med større grøftedjupne. Det kan berre unntaksvis verte gitt dispensasjon frå djupnekravet. Høgspenstkablar har eigne krav.

Grøfta skal vere så brei at hensiktsmessig komprimeringsutstyr kan nyttast. Grøftesida mot vegfundamentet må gravast med helling for å oppnå tilfredsstillande komprimering og sidestøtte for vegen under gjenfylling og oppbygging av vegkroppen.

6.1.4. Undergraving og sikring mot ras

Det er entreprenøren sitt ansvar at arbeidsstaden vert sikra med omsyn til ras- og trafikksikkerheit. Entreprenøren har også ansvaret for at grøfteprofilen er utforma slik at grøftesidene ikkje rasar og undergrev attståande dekke og overbyggnad. Det er spesielt viktig å ta omsyn ved graving i frosen grunn.

Bruk av stampling/ spunt skal utførast slik at det ikkje oppstår setningar i forhold til vegoppbyggnaden.

6.1.5. Handtering av utgravde massar

Alle massar skal lagrast utanfor køyrebanen og ikkje vere til hinder for sikt og trafikkavvikling, heller ikkje for mjuke trafikkantar.

Utgravne massar som ikkje skal gjenbrukast, må fjernast så raskt som råd. Entreprenøren er ansvarleg for å transportere massane til godkjent lagringsplass. Utgravne massar er veghaldars eigedom og skal lagrast etter avtale med kommunen.

Asfaltflak og freste asfaltmassar skal sorterast og leverast på godkjent depot.

6.1.6. Snø og is

Ved graving om vinteren skal snø og is fjernast frå grøftetraseen. Det må sørgast for at snø og is ikkje kjem ned i grøfta ved attfylling.

6.1.7. Overvatn

Dersom gravearbeidet kan føre til problem med overvatn, skal entreprenøren avklare dette i samråd med veghaldar. Entreprenør er ansvarleg for eventuelle skadar som oppstår grunna arbeid i veggrøft.

Dersom grøfta fører til at overvatn frå eine sida av vegen renn gjennom vegen og inn på eigendomen til veghaldar eller tredje part på ein uønskt måte, skal grøfta tettast med eit ikkje-drenerande materiale inn mot overvasskjelda.

Grøftetraseen skal elles **ikkje** virke som dreneringsgrøft.

6.2. Attfylling og istandsetjing.

6.2.1. Attfylling og bruk av massar

Dersom vegdekke, berelag, kantstein og liknande er undergrave som følge av gravearbeidet, skal overliggande massar fjernast. Heile grøftetverrsnittet må fyllast att og komprimerast.

Ved attfylling i grøfter kan oppgravde massar brukast opp til underkant forsterkningslag. Dersom massane ikkje er eigna til attfylling, skal det avtalast med veghaldar kva type massar som kan nyttast. Bruk av frosne eller blaute massar vert uansett ikkje tillate brukt.

Massane skal komprimerast i medhald til standard.

Leidnings- og kabeleigarar har gjerne eigne reglar for attfylling rundt kablar og leidningar. Eventuelle avvik mellom leidningseigar og veghaldar sine interesser må meldast til kommunen.

6.2.2. Stempling / spunt

Ved særleg dårleg grunn eller setningsfare kan det tillatast at spunt blir ståande igjen i bakken.

Stempling og spunt skal fjernast til minimum 1 meter under ferdig veg. Dersom spunt eller stempling blir ståande att, skal dette målast inn og inkluderast i endeleg innmålingsrapport for anlegget.

6.2.3. Utkiling ved tversgående graving

For å hindre setningar skal det for tversgåande grøfter etablerast utkiling av begge grøftesider før gjenoppbygging av vegen. Utkilinga skal ha stigningsforhold 1:2 og starte frå underkant forsterkningslag. Asfalten skal skjerast 50 cm utanfor toppen av utkilinga.

6.2.4. Krav til vegoppbygnad og asfaltering

Asfaltering skal som hovudregel utførast med ein gong etter at gravearbeida er utført.

Vegen skal byggast opp att i minst same standard som før. Det skal asfalterast i same tjukn som før graving, maksimalt 12 cm fordelt på to lag asfalt.

Skøyt mot gammal asfalt skal forseglast. Mot skoren kant og på utfrest underlag for fortanning skal det limast mellom gammal og ny asfalt. Ved store arbeid kan veghaldar stille spesielle krav til oppbygging og asfaltkvalitet.

Arbeidet skal elles utførast i medhald til Vegvesenet sine handbøker.

6.2.5. Skjering og fresing før asfaltering

Dersom avstanden mellom topp ferdig oppbygd leidningsgrøft, inklusiv eventuell utkiling, og asfaltkant er mindre enn 50 cm skal asfalten skjerast på nytt før ny asfalt vert lagt.

Ved langsgåande grøfter som berører eksisterande dekke, skal asfalten fresast, eller eventuelt skjerast, til midt veg. Heile køyrefeltet skal då reasfalterast i heile gravinga si lengde.

Langsgåande skjerekant vert berre tillate i overgangen mellom køyrefelt eller i midten av vegen. Dersom skjerekanten kjem over midten av vegen og inn i tilgrensande køyrefelt, skal asfalten fresast eller fjernast i heile vegbreidda.

Også ved graving i fortau eller gang- og sykkelveg, skal det asfalterast i full breidde i heile gravestrekninga.

Om det ved tversgåande grøfter er mindre enn 5 m frå skjerekant til gammal asfaltskøyt, skal reparasjonen forlengast til gammal asfaltskøyt, enten ved fresing og fjerning av eksisterande asfalt eller ved skjering, avhengig av tjukn på eksisterande dekke.

For punktgravingar ved til dømes lekkasje og reparasjon av kummar og sluk, skal skjerekantar vere vinkelrett og parallelt med køyreretninga. Skjering og asfaltskøyt mot kumramme er ikkje tillate.

6.2.6. Fortanning og skøyting av asfalt

Kantane på gravetraséen skal skjerast rette og jamne minimum 50 cm utanfor topp grøft. Ved graving i køyrebana skal det fresast eit belte med 5 cm djupne og minimum 30 cm breidde inn på eksisterande dekke.

Før asfalten vert lagt skal heile fortanningen limast. Skøyter skal vere tette, også etter at garantitida er utløpt. Skøyten kan forsterkast med fugemasse eller lim for å sikre tett skøyt.

6.2.7. Asfaltering mot husvegg

Gammalt dekke skal fjernast og nytt dekke leggst på heile arealet dersom avstanden frå reinskoren asfaltkant til reguleringlinje, husvegg, kantstein og liknande er mindre enn 1 meter.

6.2.8. Grusdekke

Grusdekke skal ha kvalitet i medhald av gjeldande handbok frå Statens vegvesen og Norsk Standard.

6.2.9. Midlertidig istandsetting

Dersom endeleg istandsetting ikkje kan utførast direkte etter attfylling, kan veghaldar godkjenne midlertidig istandsetting. Entreprenøren er ansvarleg for kontroll og vedlikehald av midlertidig dekke til permanent dekke er lagt.

Midlertidig asfaltdekke skal ha minst 5 cm tjukn og minst 50 cm overlapping over det gamle berelaget utanfor sjølve graveområdet. Midlertidig dekke skal vere varmasfalt. Kaldasfalt eller fresemassar kan i spesielle tilfelle nyttast etter avtale med veghaldar.

Før permanent istandsetting skal midlertidig dekke fjernast. Berelaget skal rettast opp og komprimerast. Asfaltkantar skal reinskjerast, eventuelt med fortanning, og nytt dekke skal leggst i medhald av relevant handbok.

Dersom gravearbeidet er utført medan det er tele i bakken, er fristen for istandsetting sett til 15. mai.

6.3. Areal med heller, brustein og kantstein

Oppgraving av heller, brustein og kantstein må utførast på ein måte som hindrar skade på materiale.

Kantstein av granitt kan brukast opp att. Dette gjeld derimot ikkje for betongkantstein. Før tilbakesetjing av brukte materiale skal gammal fugemasse fjernast. Stein og heller skal leggst i same mønster som originalt. Det kan krevjast omlegging ved stor fargeforskjell mellom nye og gamle heller.

Renner med storgatestein skal byggast opp i medhald av relevant handbok. Fugene skal spekkast med mørtel. Der fortausrenner munnar ut mot kantstein, skal det skjærast eller hoggast spor i steinen med same tverrsnitt som rennesporet.

Ved bruk av granittkantstein skal kantsteinlinja ikkje ha knekkpunkt, svokk eller andre synlege avvik frå teoretisk line, verken vertikalt eller horisontalt. Dersom det har vore nytta betongstein på gravestaden, skal det i utgangspunktet nyttast kantstein av same type. Steinen skal leggst etter leverandøren sine retningslinjer.

Ved utskifting av kantstein som berre berører kantsteinfundament og ikkje sjølve vegarealet, kan asfalten skjærast 15 cm frå kantsteinlinja og reasfalterast for hand med fin asfaltmasse (maks 8 mm) etter at kantsteinen er ferdig lagt. Asfaltstipa skal komprimerast med eigna utstyr.

Betongkanstein skal limast/spikrast på avretta asfaltlag. Bakstøtte skal utførast med asfalt.

6.4. Kummar og sluk

Plassering av trekkekummar skal gå fram av innsendt plan for gravearbeidet og skal saman med leidningstraseen framstå som eit heilskapleg anlegg. I motsett tilfelle kan veghaldar krevje kummar flytta for entreprenøren eller leidningseigar si rekning.

Trekkekummar skal plasserast vinkelrett og parallelt med fortauskant eller vegkant, og med rett avstand til andre kummar. Avstand mellom spillvasskum og andre kummar må vere minst 50 cm, rekna frå ytterkant. Skjering eller asfaltskøyt mot kum vert ikkje tillate. Alle trekkekummar skal vere ustyrkt med hengsla lok av støypejern og flyteramme. Lok og ramme skal vere køyresterke.

Trekkekummer og skap skal ikkje plasserast på ein måte som hindrar vassavrenning og vedlikehald av grøfter eller utgjere fare for trafikantar. Skøytekummar i kommunale køyrefelt er i utgangspunktet ikkje tillate.

Ved gravearbeid i tilknytning til kummar og sluk skal heile omkrinsen frigravast. Omfyllingsmassar og forsterkning- og berelag skal komprimerast. Dette for å unngå at det oppstår holrom og setningar rundt kummen ved gjenoppbygging og istandsetting av vegen.

For VA-kummar gjeld krav i Hareid kommune si VA-norm.

6.5. Vegmerking og trafikktekniske innretningar

Øydelagd eller fjerna vegmerking og trafikktekniske innretningar, som skilt, bommar og liknande, skal erstattast med tilsvarande type med ein gong etter at sjølve grave- og asfalteringsarbeidet er avslutta. Dersom standard på fjerna element er endra eller utgått, kan veghaldar krevje at det vert nytta ny standard for dei aktuelle elementa. Dette skal uførast på entreprenør si rekning. Tilsvarande gjeld for sideareal og vegggrøfter.

7. Arbeid i park- og grøntområde

7.1. Omsyn til grøntanlegg og tre

Det skal takast særlege omsyn slik at grøntanlegg i kommunale areal ikkje vert skada eller øydelagt. Graving i grøntareal og tre si rotsone må skje i samråd med ansvarleg for park- og grøntanlegg i kommunen. Byggherre/ entreprenør skal i rimeleg tid legge fram planane til godkjenning. Kommunen kan krevje synfaring av arbeid i rotsone før attfylling av grøfter.

Entreprenørar skal vere kjent med Byggforskserien.

For graving nær tre, gjeld avstandskrav på minst 5 meter frå trestammen og utanfor dryppstone/kronevidde. Før graving skal det vurderast om trasé for rør eller kablar kan leggjast lenger vekk frå stammen. Kommunen kan stille krav om graving for hand eller alternativ utsjaktingsmetode dersom arbeidet skal gå føre seg nærare. Det kan også krevjast prøvegraving for å kartlegge kvar røtene er og kva treet kan tole av inngrep.

Det er forbode å felle tre eller fjerne planter utan avtale. Det skal heller ikkje køyrast eller lagrast utstyr under tre.

7.2. Istandsetting

Park- og friområde skal settast i stand til minimum same standard som anlegget hadde før arbeidet starta. Dette skal normalt utførast i vekstsesongen april – oktober og etter avtale med kommunen. Alle tre, planter og busker som er flytta på grunn av gravearbeidet skal settast på plass - om nødvendig skal nye planter settast inn. Det skal nyttast godkjent vekstjord. Plenar og grasareal skal såast og gjødslast slik at heile området er einsarta og arealet skal vise tydeleg vekst i løpet av året etter at arbeidet er avslutta. Arbeidet skal utførast i medhald av Norsk Standard.

Det skal også takast omsyn til område med robotklippar og tilhøyrande leidningar.

7.3. Erstatning

All erstatning er basert på Norsk Standard. Dette inkluderer avtalt erstatning, skadeerstatning og erstatning i garantitida. Kommunen krev utbetring av alle skader som vert oppdaga innan fem år etter arbeid er ferdig. Det gjeld både for skade som skuldast brot på vilkår og for arbeid som ikkje oppfyller krav i aktuell standard.

Erstatningsbeløpet følger av skadeomfang, samt treet sin alder og art. Det vert kravd full erstatning dersom skadane er så omfattande at treet må fellast.

Dersom det er dokumentert at ein aktør har arbeida utan eller i strid med løyve, kan kommunen avslå søknad om vidare arbeid nær tre.

Felling av tre og fjerning av andre vekstar kan tillatast mot erstatning dersom dette er avtalt før gravearbeidet startar. Erstatningssummen skal dekke prisen for nye tre og vekstar, planting og tre års etableringsskjøtsel. Tiltakshavar betaler erstatninga, og kommunen bestemmer kvar nye tre/vekstar skal plantast.

8. Ferdigmelding og garanti

8.1. Ferdigmelding

Når arbeidet er avslutta, og all rydding og eventuell asfaltering er utført, skal kontrollskjema fyllast ut og leverast i Entreprenørportalen. Ei ferdigmelding vert rekna som ei stadfesting frå entreprenør om at arbeidet er rekna som avslutta og garantitida kan starte.

Når arbeidet er kontrollert og godkjent av kommunen, vil godkjent ferdigmeldingsskjema bli returnert til entreprenør. Dersom kommunen *ikkje* finn utføringa i samsvar med retningslinjene, vil pålegg om utbetring bli gitt. Merk at entreprenør har ansvaret for arbeidet heilt til nødvendige skjema er godkjent av kommunen. Entreprenør har også ansvar for å dokumentere arbeidsområdets tilstand før, under og etter gravearbeidet.

Dersom eit gravearbeid vedkjem andre aktørar sine anlegg, skal dei respektive aktørar sjølv kontrollere sine anlegg. Ansvarleg entreprenør varslar desse.

8.2. Overtaking av ansvar og garantitid

Kommunen tek over ansvaret på det tidspunkt ferdigmelding er godkjent. Ved *midlertidig istandsetting* vil overtaking først skje når arbeidet er heilt ferdigstilt og godkjent av kommunen.

Garantien skal sikre at veghaldar ikkje får utgifter som følge av gravearbeidet. Garantitida er på tre år og startar på det tidspunkt veghaldar formelt overtek ansvaret.

Dersom det innan tre år etter avslutta arbeid oppstår skader, setningar og liknande knytt til det utførte arbeidet, vil veghaldar krevje skadane utbetra innan ein bestemt frist. Dersom skadane ikkje vert utbetra innan fristen, kan veghaldar sjølv sørge for utbetring og sende rekning for arbeida til entreprenør eller tiltakshavar/byggherre utan ytterlegare varsel. Dersom setningane etter tre år er større enn 15 millimeter, kan det verte kravd reparasjon av graveområdet etter kommunen sine tilvisingar.

9. Gebyr

9.1. Gebyr for graveløype og arbeidsvarslingsplan

Det skal betalast gebyr for alle gravearbeid som omfattar kommunale vegar eller andre kommunale areal. Gebyra er fastsett for å dekke utgifter til saksbehandling, administrasjon og kontroll av gravearbeida. Det skal også betalast gebyr for sakshandsaming av arbeidsvarslingsplan.

Gebyra vil gjelde uavhengig kven som føreteik istandsetting. Ved manglande innbetaling av gebyr frå entreprenør, kan kommunen krevje at tiltakshavar betaler gebyret.

Gebyrsatsane vert justert kvart år. Gjeldande satsar kan finnast på kommunen sine nettsider:

<https://www.hareid.kommune.no/tenester/organisasjon-og-tilsette/betalingssatsar-og-gebyr/>

9.2. Erstatningsgebyr

Det kan krevjast erstatningsgebyr for ikkje avtalt eller uføresett verdiforringing i samband med gravearbeid. Storleiken på erstatningsgebyret vert fastsett ut frå skjønn i forhold til storleiken på det aktuelle området og skadeomfanget. Erstatningsgebyret skal dekke kommunen sin kostnadar med reparasjon og istandsetjing.